



Arkivnr: 2015/11149-16

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

### Møteplan for kontrollutvalet for 2019

#### Bakgrunn for saka:

Det blir med dette lagt fram forslag til møteplan for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune for 2019. Planen er utarbeid med utgangspunkt i møteplanen for dei andre utvala som vart godkjend i fylkesutvalet 21.06.18. Vidare har vi i så stor grad som mogleg koordinert planen slik at den ikkje kjem i konflikt med andre oppgåver einskildmedlemmer i kontrollutvalet har, t.d. arbeidssituasjon og annan politisk aktivitet i eigen heimkommune. Det som ikkje er fanga opp på førehand kan gjerast kjent og vurderast i møtet. Sidan kontrollutvalet berre har 5 medlemmer er det føremålstenleg at møteplanen i så stor grad som mogleg vert tilpassa slik at alle dei faste medlemmene har høve til å møte.

#### Drøfting:

Møta i denne planen er føreslått lagt til måndagar. I tillegg er møta lagt til andre dagar enn dei dagane dei andre hovudutvala har møter. Dette m.a. for å unngå problem med å skaffe møterom. Det er så langt som råd er teke omsyn til skuleruta 2018-2019 og 2019-2020 for skulane i Hordaland. Det er tradisjon for at kontrollutvalet ein gong i året legg eit to-dagars møte ein plass ute i fylket. Dette vert kombinert med kommunebesøk samt synfaring på fylkeskommunale einingar og/eller einingar som får støtte frå fylkeskommunen. Følgjande opplysningar kan elles vera relevant i samband med oppsett av møteplanen:

- Avvikling av andre politiske møte i Hordaland fylkeskommune. Dette av omsyn til at administrasjonen ofte vert invitert til møte i kontrollutvalet, samt at nokre saker må bli klar i kontrollutvalet før dei skal opp i fylkesutval eller fylkesting
- Avvikling av politiske møte i eigen heimkommune
- Kurs og konferansar for kontrollutval og sekretariat
- Vinterferie for dei fleste skulane 25.02.-03.03.2018
- Påske 14. april – 22. april
- Nasjonaldag fredag 17. mai
- Kristi himmelfartsdag 30. mai
- Pinse 09.-10. juni
- Festspela 22. mai – 05. juni
- Haustferie truleg veke 41, 7.-13. oktober

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over er det utarbeidd forslag til møteplan som ligg ved.

**Forslag til vedtak**

Forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2019 vert godkjend slik den ligg føre.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Forslag til møteplan for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune for 2019